




DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn



Bibelord og bønner

I dette heftet finn du nokre bibelord og bønner som du kan lese, eller få nokon til å lese for deg.

Dersom du vil snakke med presten, kan du ringe til sokneprest Knut Arne Kummeneje tlf. 908 55 230

Helsing frå Fjaler kyrkjelyd, mars 2020

Bøn i ei vanskeleg tid

Herre Jesus Kristus,
Du lækte sjuke og tok deg av dei som var hjelpelause.
Vi kjenner oss hjelpelause
i denne kritiske tida for menneske i heile verda.

Ta deg av dei som er smitta og dei som er sjuke.
Lat dei få att helsa.
Beskytt dei som har lågt immunforsvar, frå å verte
smitta.
Kom med din fred til dei som er redde.

Verna dei som arbeider i helsevesenet og
omsorgstenestene, så dei ikkje vert smitta.
Vi bed for skuleelevar, familiar og verksemder
som vert ramma hardt av denne epidemien.

Gje visdom til styresmaktene i kommunen vår,
i Noreg og i verda til å handtere denne situasjonen.
Hjelp oss å få kontroll over spreinga av corona-viruset.

Miskunna deg over oss, Herre Jesus.

Ver ikkje urolege

Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet.

Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si?

Difor må de ikkje vera urolege og seia: 'Kva skal vi eta?' eller: 'Kva skal vi drikkja?' eller: 'Kva skal vi kle oss med?' For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette. Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.

Matt 6, 25 – 34

Du skal ikkje frykta for redsler i natta,
for piler som flyg om dagen,
for pest som fer fram i mørkret,
for plage som herjar ved middagstid.

Du, HERRE, er mi tilflukt.

Salme 91, 5 – 6 og 9a

Ver ikkje redd!

Frykt ikkje, for eg er med deg,
ver ikkje redd, for eg er din Gud!
Eg gjer deg sterk og hjelper deg
og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.

Jes 41, 10

Ver ikkje redd!
For eg har løyst deg ut,
eg har kalla deg ved namn, du er min.

Jes 43, 1

For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren,
fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk
framtid og von.

Når de kallar på meg og kjem for å be til meg, vil eg
høyra på dykk. De skal søkja meg, og de skal finna meg.
Når de søkjer meg av eit heilt hjarte, lèt eg dykk finna
meg, seier Herren.

Så vil eg venda lagnaden for dykk.

Jer 29, 11 – 14

Kast all dykkar uro på han, for han har omsorg for dykk.

1. Pet 5, 7

Fred

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!

Joh 14, 27

Framfor alt legg eg dykk på hjartet å bera fram bøn og påkalling, forbøn og takk for alle menneske. Be for kongar og alle som er i leiande stillingar, så vi kan leva eit stilt og fredeleg liv med gudsfrykt og vørtnad i alt vi gjer. Dette er godt og noko Gud, vår frelsar, gleder seg over, han som vil at alle menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna.

1. Tim 2, 1 - 3

Legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Fil 4, 6 – 7

Herren er min hyrding

Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.
Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.
Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav, dei trøystar meg.
Du dukar bord for meg framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.
Berre godleik og miskunn skal følgja meg alle mine
dagar, og eg skal bu i Herrens hus gjennom alle tider.

Salme 23

Salmar

Her er nokre salmar
som de finn i Norsk salmebok (2013):

- 194 Jesus lever, gravi brast
318 Himmelske Fader, herleg utan like
488 Ingen er så trygg på ferda
494 Jeg er i Herrens hender
339 Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte
414 Så tak då mine hender
844 No livnar det i lundar (vers 1 - 2 og 11 - 12)

Fager kveldssol smiler

1 Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.

2 Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld!

3 Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.

4 Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg eingong blundar
i Guds faderarm.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

Velsigninga

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

4. Mos 6, 24 – 26